



## Notat

Dato: 30.07.2015  
Arkivsak: 2014/21469-10  
Saksbehandlar: josaksd

---

**Til:** Eva Katrine Ritland Taule

---

**Frå:** Jostein Aksdal

---

### Kulturminnefagleg fråsegn til Fusa kommune sin arealplan

#### Samandrag - kulturminne i kommuneplanen for Fusa

I samband med kommuneplanen er det kjent vel 85 automatisk freda lokalitetar. Kommuneplanen har merkt dei aller fleste av desse som omsynssone H730 – båndlegging etter lov om kulturminner. Arealplanen inneheld likevel manglar med omsyn til avmerking av automatisk freda og vedtaksfreda kulturminne. Fleire av kulturminna særleg i sentrale område er og utan ei utvida omsynssone.

#### Tilhøvet til automatisk freda kulturminne og arealplan

##### Nye byggeareal

Hordaland fylkeskommune har ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i samband med kommuneplanen sitt areal. Fylkeskommunen kan dermed ikkje seie seg samd i ny arealbruk i kommuneplanen sin arealdelfør §9 i kulturminnelova er oppfylt for det einskilde byggeareal, og tilhøvet til automatisk freda kulturminne er avklart. Undersøkingssplikt etter § 9 i kulturminnelova skal oppfyllest i samband med utarbeiding av reguleringsplan eller ved søknad om tiltak, dette gjeld både land- og sjøareal.

Hordaland fylkeskommune viser til at kommunen sjølv bør gjera ei vurdering av kulturminne og kulturmiljø og prioriteringar. I planen slik den er lagt fram på ettersyn er det vel 12 kulturminne/kulturmiljø som enten manglar i kartet eller burde ha fått sterkare og meir uvida vern.

6338 Vinnes - Fetts fk. 1	Fornminnet ligg lengst nord på Vinnesholmen og er markert som H730 her bør hensynssona i Vinnessundet utvidast til og få med nordre del av holmen.
25861 Lundarvik - Gravrøys	Ligg tett ved offentleg veg og skule, denne bør og visast med hensynssone H570 rundt.
45837 Skote - Fetts fk. 7	B46 og Na18 vil kunne verka negativt på gravminnet. Na 18 må slik få føresegner som tek vare på landskapet og heilskapen i eksisterande naustmiljø. B46 må rekne med krav ein tilstrekkeleg vernesone - H570 rundt fornminnet.
84596 Holdhus gamle kyrkje	I plankartet er lokaliteten vist som H740 og H510, i røynda er det både eit fornminne her, ein automatisk freda kyrkjestad og ei freda kyrkje. Det er ingen skildring av hensynssona i saka.
85601 Strandvik kyrkjestad	Registreringa er i alt fire lokalitetar, der kyrkjegarden er definert som automatisk freda, fjerna kyrkjer som uavklarte og siste kyrkje er listeført. Denne lokaliteten er ikkje vist som kyrkjestad, uavhengig av formell status bør den leggest inn som H

	570
90349 Heihellersetra	Registrering av tufter med ei tidfesting til rett over 1600-talet grunna funn av keramikk. Ikkje vist på kart – bør leggest inn på kartet som hensynssone.
90360 Havsgård - Kolgrop	manglar på kart
121402 Mjånes - Lausfunn/	manglar på kart
123057 Kvålsvågen	Manglar på kart, ligg i hensynssone H530, lokaliteten må visast som H730 då den er definert som automatisk freda
141023 Ulven	Manglar på plankart, lokaliteten ligg i område for akvakultur. Plankartet må visast denne som H730
201557 Drageidkanalen	Manglar på kart. Lokaliteten er definert i statleg plan kulturminne i vassdrag. Plankartet bør visast som H570

### Kyrkjestader frå mellomalderen

Kommuneplanen sin arealdel femnar om fleire kyrkjestadar, dette er kulturminne – kulturmiljø som i dag har forvaltninga lagt direkte inn under Riksantikvaren som direktorat. Planen har vorte sendt over for fråsegn innan dei forvaltningsområda dei har. Hordaland fylkeskommune viser til Riksantikvaren si fråsegn sendt oss 30.07.2015 der dei merker at:

«...Riksantikvaren sitt innspill er relatert til de forvaltningsområdene direktoratet har ansvar for, her kirkestedene Fusa, Strandvik/Sævoll og Holdhus, automatisk fredet i medhold av kulturminneloven § 4, jf. også forskriftene til loven kap. 1. Middelalderkirkene står ofte på steder med lang tradisjon for bosetning, og som religiøst og sosialt samlingssted. Forskjellige kulturminner fra ulike tidsperioder finnes derfor vanligvis i disse kirkenes nærmeste omgivelser. Sammen avspeiler disse kulturminnene en mer enn 1000-årig tradisjon og utvikling av tro og samfunn. Kirka og enkeltelementene i de nærmeste omgivelser har stor verdi hver for seg som kulturminner, og samlet som kulturmiljø. Ved utbyggingsplaner i områder med fredet kirke/kirkegård er Riksantikvarens politikk at sakene må vurderes i lys av en helhetlig miljøvurdering, der den fredete kirka og/eller kirkegården legger føringer for hva som kan aksepteres av utbygging.»

### Riksantikvarens merknader

Riksantikvaren viser til at kyrkjestadane i frå mellomalderen er svært sårbare - ikkje berre med omsyn til direkte inngrep, men og i høve til endringar i omgjevnadane. Det er slik svært viktig at dei næraste omgjevnadane og sikrar ei god ramme rundt kyrkjestaden.

Avgrensingane til kyrkjestadane i frå mellomalderen går fram av kulturminnedatabasen Askeladden. Strandvik/Sævoll kyrkjestad har id 85601, Holdhus kyrkjestad har id 84596 og Fusa kyrkjestad har id 84215. Mellomalder kyrkjestadar skal merkast som hensynssone d), sosikode 730, bandlagt etter kulturminneloven, på plankartet til kommuneplanens arealdel og gis følgjande vedtekter:

Kyrkjegardar frå mellomalder er eit automatisk freda kulturminne. Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet innafor hensynssonen er ikkje tillate utan etter dispensasjon frå kulturminneloven. Unntak gjelder for bruk av eksisterande graver, som har vore i kontinuerlig bruk sidan mellomalderen.

Gravstadar som ikkje er i bruk pr. i dag og gravstadar der det ikkje har vært gjort gravlegging etter 1945 skal ikkje takast i bruk igjen.

Gravminner som er eldre enn 60 år skal ikkje flyttast eller fjernast utan at kulturminnemyndighetene er gjeve høve til å uttale seg.

Eventuell søknad om løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne eller tiltak som kan ha verknad på kulturminne skal sendast rette kulturminnemynde i god tid før arbeidet er planlagt starta. Kostnader knytt til nødvendige arkeologisk undersøking vert dekt av tiltakshavar jf. kml. § 10.

Riksantikvaren vil understreke at kyrkjestadane frå mellomalderen i Fusa, Strandvik/Sævoll og Holdhus med tilhøyrande kyrkjegard er av nasjonal verdi. Det er svært viktig at ein i den vidare planlegginga tar tilstrekkeleg omsyn til dette. Når det gjelder automatisk freda kyrkjer og kyrkjegardar er det viktig at ein og vurderer verknader av utbygging og ut over direkte arealkonflikt i KU til arealplanen. Store endringar av nærmiljøet til desse vil være konfliktfylt og bør vurderast som tiltak med stor konsekvens, sjølv om kulturminnet ikkje blir direkte fysisk råka.

### Tiltak og verneverdi

Fusa kommune har lagt til grunn generelle retningslinjer for handsaming av byggesaker i kommunen jf. pt. 1.21 – pt. 1.25. Her er fleire gode moment med omsyn til ivaretaking og vern. Fusa kommune viser til verneverdig bygningsmasse, kulturmiljø og andre kulturminne, men så langt me kjenner er desse ikkje nærmar definert i planframlegget. Arealplanen viser til Kommunedelplan for kulturvern Fusa kommune i frå 1998.

#### «Kulturminne og kulturmiljø

**1.21** Verneverdige enkeltbygningar, kulturmiljø og andre kulturminne skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressursar og setjast i stand.

**1.22** Nye tiltak må ikkje skjemme verneverdige kulturminne eller kulturlandskap. Dersom kulturminne vert råka av tiltaket, skal saka leggast fram for kulturminnestyres-maktene.

**1.23** I byggesaker som gjeld bygningar som er verneverdige i samsvar med vernekriterium i Kommunedelplan for kulturvern, skal det gjerast ei fagleg antikvarisk vurdering. Dette gjeld både spørsmål som riving og endringar i fasadar m.m. Dersom kulturminnet er verneverdig og står i fare, skal kommunen vurdere mellombels bygge- og deleforbod jf. PBL § 13.

**1.24** Tiltak etter PBL § 20-1 og 20-2 som ligg nærare automatisk freda kulturminne enn 100 meter, skal godkjennast av Hordaland fylkeskommune, kulturseksjonen. I område med gamal busetnad og/eller der det er gjort funn frå førhistorisk tid, skal ein vere føre var med tanke på freda kulturminne som kan liggje skjult i bakken. Bygge- og frådelingssaker der dette er ei aktuell problemstilling, skal leggast fram for kulturavdelinga i Hordaland fylkeskommune.

**1.25** Ved utarbeiding av reguleringsplanar og ved søknad om tiltak, skal eventuelle kulturminne og kulturmiljø skildrast, og det skal visast korleis ein har søkt å ta omsyn til desse.»

### Vurdering

Fusa kommune er rik på eldre bygningar og miljø, Sefrak registeret er slik ei viktig kjelde til kunnskap. Arealplanen har likevel i liten grad nytta Sefrak som datagrunnlag. Ei vurdering av verneverdi slik som Fusa kommune legg opp til vert slik vanskeleg i praksis. Me ber om at Fusa kommune tek inn i retningslinene at registreringane i Sefrak registeret må verta ein del av datagrunnlaget i sakshandsaming i kommunen.

#### «Bandleggingssone

**7.7** Omsynssonene markerer område som er bandlagde etter anna lovverk, herunder kulturminnelova, kyrkjelova og naturvernlova.

**7.8** For område som er verna i medhald av naturvernlova, gjeld dei spesielle verneføresegnene i medhald av lov. Dette gjeld Yddal barskogområde, Geitaknottane naturreservat (stor salamander og kongsbregne), Vinnesleiro (våtmarksområde og sjøfuglreservat), Gåseskjær og Steglholmen (sjøfuglreservat).»

### Vurdering

Hordaland fylkeskommune ser at retningslinene for omsynssonene H570 og H730 i arealplanen er tent med ei styrking og presisering. Fusa kommune bør slik ta inn under avsnitt om «Bandleggingssone» retningslinjer som då dekker inn eventuelle tiltak:

- Omsynssone D – H730 er automatisk freda kulturminne og jf. kulturminnelova § 3 kan det ikkje utan at det er lovleg etter § 8 setta i gang tiltak som er egna til å skada, øydelegga, grava ut, flytta, endra, dekkja til, skjula eller på anna vis utilbørleg skjemma kulturminnet.
- Omsynssone C - H570 tiltak skal sendast til kulturminnevernet for vurdering og fråsegn.

Riksantikvaren har i si fråsegn dagsett 30.07.2015 bedt om at det vert lagt inn føresegner til omsynssonene knytt til kyrkjestadane frå mellomalder - omsynssone D:

- Kyrkjegardar frå mellomalderen er eit automatisk freda kulturminne. Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verka inn på dei automatisk freda kulturminna innanfor omsynssonen er ikkje tillate utan etter dispensasjon frå kulturminneloven. Unntak gjelder for bruk av eksisterende graver som har vært i kontinuerlig bruk siden middelalderen.
- Gravstadar som ikkje er i bruk pr. i dag og gravstader der det ikke har vært gjort gravlegging etter 1945 skal ikkje takast i bruk igjen.
- Gravminne som er eldre enn 60 år skal ikkje flyttast eller fjernast utan at kulturminnemyndighetene er gitt anledning til å uttale seg.
- Eventuell søknad om løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne eller tiltak som kan ha innverknad på kulturminna skal sendast rette kulturminnemynde i god tid før arbeidet er planlagt sett i gang. Kostnader knytt til nødvendige arkeologisk undersøkingar skal dekkast av tiltakshavar jf. kml. § 10.

### Kommunedelplan for kulturvern Fusa kommune

Kommunedelplan for kulturvern frå 1998 definerer viktige og unike kulturminneområde i Fusa kommune. Tilfanget viser eit rikt og rett spenn i val av kulturminne. Dei strekk seg frå gamal gardsbusetnad til industriutvikling, samferdsle og krigsminne. Ut i frå tilgjengeleg kart og tekst er berre eit fåtal av dei særleg nemnde kulturminna tatt med i no framlagt arealplan med omsynssonar.

	Prioriterte kulturminne	Skildring (frå kommunedelplan Kulturvern Fusa 1998)	Omsynsone Ny arealplan
1	Handelsstad på Sundvorøy (120/3)	Handelsstaden på Sundvorøy vart etablert på 1880-talet med sjøhus og bryggja. I hovudhuset var det krambu i første høgda og bustad i andre. Handelsverksemda vart lagt ned ved århundreskiftet. Bygningane vart restaurerte på 1970-talet og er halde godt i hevd.	570-16
2	Nothengja på Skår 116/2	På ein holme i nore Skåravågen står det ei nothengja bygd på 1950-talet. Det er berre ei hengja til av det slaget i Fusa (Eikelandsosen). Hengja er eit godt døme på ein bygningstype som vart nytta i samband med lagring/torking av nøter i dei rike sildeåra på 1950-60-talet. Nothengja ligg flott til i landskapet mest som eit landemerke både frå land og sjø. Hengja står dessutan i ein fin miljømessig samanheng til sjøbruksmiljøet på land som også er verneverdig.	ingen
3	Gardstun Solvang (Svinastein) 113/3	Gardstun med bygningar frå 17-1800-talet og truleg eldre. Bygningane er lite endra og er i dag prega av manglande vedlikehald. Døme på samanbygd anlegg med røykstova og bu. Interessante sjøhus og stølshus.	ingen
4	Gardstun Lille- Baldersheim 107/1	Gardsanlegg frå 1700- og 1800-talet med karakteristisk våningshus, stabbur m.m.	ingen
5	Handelsstad på Lille-Baldersheim (107/5)	Severin Baldersheim (1885-1967) etablerte landhandel og bakeri ved sjøen i 1916. Det store hovudhuset med krambu i 1. høgda vart bygd i ny-klassistisk stil kring 1920, noko som var uvanleg ute på bygdene i dei dagar. Drifta er lagd ned, men det gamle interiøret frå krambua står mykje godt slik det var frå starten. Bakaromnen bygd i tegl står òg att ute i bakarhuset. Kaianlegget med m.a. det gamle meieriet er prega av forfall.	Ingen
6	Stavløe Mjånes (100/1)	I gardstunet på Mjånes er det ei lita løe med eit særmerkt grindeverk. Bygningshistorisk kan denne byggjemåten først attende til 1500-talet. Løa vart restaurert på slutten av 1980-talet.	ingen

7	Engevik Gard 99/1	Embetsmannsgard bygd opp av major Christian Wilhelm Segelcke i 1720-åra. I dag er det i alt 9 bygningar i tunet som truleg skriv seg frå 1700-talet. Våningshuset vart bygd i 1770 i karakteristisk Bergens-klassisme. Heile tunet med hage og bygningar er i seinare år restaurert og opna opp for publikum.	ingen
8	Engevik Hamn 99/2	Engevik Hamn slik den står i dag vart bygd opp i åra kring 1820. I følgje bygdeboka med «heimhus i herregårdsstil, 2 store sjøbuer, 2 store naust, 2 stabbur, borgstova, bakeri, smia og andre turvande hus på eit gardsbruk, dertil kaiar. hopar, veg og meir». Gründer på Engevik Hamn Lars Samsonsen Meidell (1796-1865) dreiv handel i stor stil med eksport av fisk som vart ført frå Nord-Noreg på eigne båtar, og import av korn frå Austerstsjø-landa. Frå 1850 fekk «Hamnen» løyve som gjestgjevarstad. Sjøbuene vart restaurerte kring 1980.	H570-14
9	Gardstun Sandal 98/1	Våningshus med halvvalm frå midt på 1800-talet med klare stilførebilete henta frå Engevik Gaard. Stort eldhus og stabbur. Sjøbu som høyrer til garden med vindeskur og open svalgang inngår i ein miljøsamanheng mot Engevik hamn.	ingen
10	Gardstun Tombre 56/1	Samanbygd anlegg med røykstove, vedhus, do og høns-/grisehus. Stova er truleg frå 1700-talet.	ingen
11	Hålandsdal kyrkje	Hålandsdal kyrkje sto ferdig i 1890 og avløyste den gamle kyrkja på Holdhus som soknekyrkje. Kyrkja er teikna av Karl Askeland frå Manger som også hadde ansvaret for byggjearbeida.	ingen
12	Holdhus kyrkje	Denne vesle trekyrkja er reist i lafteverk. Kyrkja er endra og bygd om fleire gonger. Somme bygningsdeler strammar truleg frå ei stavkyrkje som har stått om lag på same staden. Det tømra skipet i kyrkja er reist i 1720-åra. Fortidsminneforeningen eig kyrkja og har omvisarteneste om sommaren.	H740-1
13	Holdhus gamle skule	Holdhus gamle skule vart bygd i 1875. Fungerte som skulehus for Holdhus til 1956, og er i dag skulemuseum.	ingen
14	Gardstun Hammersland 76/1	Gardstunet på Hammersland har vore mellom dei mest særprega einbolte gardstuna i Fusa. Diverre har fleire bygningar gått tapt dei siste ti-åra. I dag står det att lemstove, kårstove, stabbur, stall/vedhus, naust og kvernhus. Eit typisk gardsmiljø frå 1800-talet.	H560_24
15	Eikelandsfjorden gamle bedehus 23/14	Bedehuset på Neset vart bygd i 1892 og er truleg det eldste lagshuset i Fusa. Huset er bygd på fleire gonger m.a. i 1933. Huset er i dårleg teknisk stand og er ikkje i bruk.	uviss
16	Gardstun Øvre Eikeland 23/5&6	Gardstun med to bruk. To våningshus i sveitsarstil. Eitt våningshus i 2 ½ høgd frå 1841. Kan vera eit bualoft frå før 1841. Eldhus frå 1882 med smie og kornturke. Steinmurar etter stor løe (23 x 9 meter) og restar etter hestevandring laga i samband med treskjeverke I utmarka er det gamalt hellebrot. Ved sjøen i Naustdalen er det eit interessant sjøbruksmiljø med m.a. steinmura naust. Eit særmerke ved bygningane på garden er dei fine tørmurane med god stein og eit flott handverksarbeid.	ingen
17	Postgarden på Øpstad 32/1	Postgarden på Øpstad hadde postopneri i over 100 år. Her var skysstasjon på den «Den Stavangerske Postvei». Posten gjekk over Fusa i åra 1786-1861. Skysstasjonen vart lagd ned først i 1901. Postopneriet vart flytta ut av tunet først i 1970-åra. I tunet står det i dag m.a. røykstove, lemstove og stabbur.	Delvis H570_10
18	Fusa gamle prestegard 31/5	Fusa gamle prestegard, også kalla «Doktergarden» eller «Rosenlund», er i dag einaste profane anlegg som er freda i Fusa. Våningshuset vart reist i 1843 av kapellan Rolf Olsen i dåverande Os prestegjeld.	H570_10
19	Lemstove Foer 36/1	Lemstove frå 1889. Ark med altan i to høgder og flotte utskjeringar. Godt døme på sveitsarstilen som har prega byggeskikken på Skjørsand og elles i Fusa kring år 1900.	Ingen H510_6
20	Naust, Vinnessundet 78/1	Naust truleg frå tidleg på 1800-talet. Særmerkt grindekonstruksjon med grindeverk i to høgder.	H570_11

21	Vinnesholmen 78/40	Opphavleg husmannsplass under Vinnes-garden. Våningshus og løe frå kring 1860. Restaurert i 1991-1997. Holmen er avsett til friluftsområde i kommuneplanen sin arealdel.	Ingen, grøntområde
22	Bedehus på Vinnes 78/28	Bedehus reist av Nesets Misjonsforening i 1918. Huset inspirert av nyklassismen sitt enkle formspråk. Aktiviteten i eigarlaget har lege nede i fleire år og huset er i dag nytta som lager.	ingen
23	Kvernhus, Djupvik 80/1	Lita gardskvern frå 1800-talet. Bygningen er i god stand, men dei tekniske innretningane er delvis borte.	ingen
24	Smie på Boga, Strandvik 82/2	Smie i det gamle tunet på Boga. Reist av bygdesmed Johannes Boga. Mykje av utstyret er intakt i smia som er etter måten stor. Bygningen er den einaste som står att etter bnr 2 i det gamle fellestunet og høyrer framleis til bnr 2	ingen
25	Strandvik Kyrkje	Strandvik kyrkje vart reist i 1857. Seinare på 1800-talet noko ombygd innvendes.	Rune R,
26	Naust, Leigland 89/	Steinmura naust med teglpanner på taket. Godt døme på ein byggjemåte som har vore vanleg i Fusa.	uvis
27	Postvegen Fusa - Strandvik	Postvegen over Fusafjellet vart bygd i 1786 som ein del av postvegen mellom Bergen og Stavanger. Veggen vart brukt til posttransport til 1861 då dampbåtane tok over. Veggen vart nytta som bygdeveg mellom Strandvik og Fusa til 1901. I dag er det ein mykje nytta turveg. Det er gamle støttemurar og bruer fleire stader på det gamle veganlegget. Det har vorte gjennomført eit restaureringsarbeid på initiativ frå grunneigarane i Strandvik og på Fusa på 1990-talet.	ingen
28	Postvegen Sundfjord - Ølve	Postvegen frå Sundfjord til Ølve vart etablert samstundes med veggen over Fusafjellet i 1786. Traseen er lagd noko om somme stader. Veggen er også i dag nytta som bygdeveg og er truleg den eldste veggen i dagleg bruk. Vanskelege isforhold i Lygrepollen gjorde at posten vinterstid måtte nytta hamna i Indrevågen i staden for Sundfjord. Posten vart då boren på sti over til Sundfjord og vidare sørøtter.	ingen
29	Leirkaien på Selsneset, Vinnes	Leirkaien på Vinnes var utskipingskai for Vindenæs Teglverk som var i drift i åra 1878-1923. Alle bygningar borte. Kaien er det einaste kulturminnet som står att. Kaien er bygd i naturstein og er ytst forma som ein triangel. Kaien vart restaurert på initiativ frå grunneigarane i 1991.	H560_19
30	Gamle damskipskaien i Strandvik	Den gamle damskipskaien i Strandvik, også kalla «Gamlekaien» står att som eit minne om den gamle ruteferdsla på Bjørnafjorden. Kaien er bygd mykje sameleis som Leirkaien på Vinnes med ein triangel ytst. Kaien hadde tidlegare også ein trepir utafor for koma ut på djupare vatn. Det var også eit lite eksedisjonshus ute på kaien.	ingen
31	Drageidekanalen	Drageidekanalen vart teken i bruk i 1887. Kanalen er 200 meter lang, bygd 3 meter breid i botn og har ei minstedjup på 0,70 meter. 1912-13 vart trekkvegen bygd høgare og lengre. Kanalen var eit stort framsteg for kommunikasjonane mellom Hålandsdalen og omverda. Her vart ført både ved og meieriprodukt. Veganlegget som kryssar kanalen med ei bru, sto ferdig i 1936. Veganlegget er også eit teknisk kulturminne med sine imponerende tørmurar.	ingen
32	Dalamannskaien ved Henangervatnet, Sævareid	Dalamannskaien er den gamle kaien for ferdsla på Skogseidvassdraget. Om lag 70 gardsbruk i Hålandsdalen nytta vassdraget som viktigaste ferdslveg for landevegane tok over.	ingen
33	Riksveg 48, Matland-Holmefjord	Riksveg 48 er mellom dei vegane i Fusa det er gjort minst endringar med i seinare år. Dette er til forarging for bilistar, men fører også til at det gamle veganlegget med støttemurar og bruer syner tidlegare tiders ingeniørkunst og steinhandverk. Ved bygging av ny trasé mellom Matland og Holmefjord er det ikkje lenger aktuelt med særlege endringar på anlegget, og ein kan i staden tenkja seg ei restaurering med t.d. oppattsetjing av stabbesteinar	ingen

34	Skiferbrot, Austestad	På dei to bruka på Austestad har det vore skiferbrot med uttak av stein i stor målestokk. Brotet ligg i utmarka og steinen vart frakta ned til sjostrand med taubane. I perioden 1860-1900 sto dei to bruka for drifta sjølve. Seinare i 1900-1920 vart rettane leigde bort.	H570_9
35	Steingard, Austestad-Eikeland	Det står ein særmerkt steingard mot utmarka i fjellsida oppom gardsbruka på Eikeland og Austestad. Garden er bygd i god stein frå skiferbrota i området.	uvis
36	Skytestilling/observasjonspost frå 2. verdenskrig, Gjerdevik	På Stølsneset i Gjerdevik er det spor att etter ein observasjonspost bygd av den tyske okkupasjonsmakta. I 1942-43 vart det bygd 6 skytestillingar oppom vegen på Stølen og to nedom vegen på Stølsneset. Stillingane vart laga med tanke på å kontrollere vegen og mogelege fiendar som kom sjøvegen.	ingen
37	Kolerakyrkjegarden i Håvik	I Håvik er det ein eigen kyrkjegard bygd kring 1840 i samband med ein koleraepedemi som herja bygdene våre. To personar frå Baldersheim vart gravlagde her. Sjølv gravminna er borte. Ein kraftig ringmur er det einaste som står att. Kyrkjegarden har ikkje noko form for tilsyn eller vedlikehald slik andre kyrkjegardar. Fusa kulturminnelag har rydda på staden og sett opp skilt.	ingen

Frå 1998 og fram til i dag har mykje endra seg både i verdisetting og aktualitet. Det er likevel viktig at arealplanen vert eit reiskap til å sikre større samanhengar av kulturminne frametter. Kommunedelplanen for kulturminnevern bør i lys av nye prioriteringar og målsettingar reviderast.

Det er viktig at kulturminnemiljø som postgarden på Øpstad, Drageidkanalen og Engevik gard vert synt som viktige kulturminneområde og i kommuneplanen sin arealdel.

## VEDTAKSPUNKT

- 1) Fylkesrådmannen ser at Fusa kommune har lagt fram eit godt planframlegg til arealplan for perioden 2015 – 2025. Retningslinjer og føresegner er gode og presise. Kart ved høyring kunne med fordel og vore tilgjengeleg som temakart, no er det vanskeleg å skilje dei ulike bandleggingssonene frå kvarandre. Arealplankartet har formelle manglar med omsyn til automatisk freda kulturminne. Fylkesrådmannen viser til at dette er omstende som må rettast i plankart i samband med endeleg handsaming av planen.

1	6338 Vinnes - Fetts fk. 1	Fornminnet ligg lengst nord på Vinnesholmen og er markert som H730, her bør H570_11 i Vinnessundet utvidast til og å få med nordre del av holmen.
2	25861 Lundarvik - Gravrøys	Ligg tett ved offentleg veg og skule, denne bør og visast med hensynssone C sosikode H570 rundt.
3	45837 Skote - Fetts fk. 7	B46 og Na18 vil kunne verka negativt på gravminnet. Na 18 må slik få føresegner som tek vare på landskapet og heilskapen i eksisterande naustmiljø. B46 må rekne med krav ein tilstrekkeleg omsynssone C sosikode H570 rundt fornminnet.
4	84596 Holdhus gamle kyrkje	I plankartet er lokaliteten vist som H740 og H510, i røynda er det både eit fornminne her, ein automatisk freda kyrkjestad og ei freda kyrkje. Det er ingen skildring av hensynssona i saka. Riksantikvaren viser til at kyrkjestaden og skal visast som omsynsone D sosikode H730 og at det skal knytast føresegner til omsynssona.
5	85601 Strandvik kyrkjestad	Registreringa er i alt fire lokalitetar, der kyrkjegarden er definert som automatisk freda, fjerna kyrkjer som uavklarte og siste kyrkje er listeført. Riksantikvaren viser til at kyrkjestaden og skal visast som omsynsone D sosikode H730 og at det skal knytast føresegner til omsynssona.
6	90349 Heihellersetra	Registrering av tufter med ei tidfesting til rett over 1600-talet grunna funn av keramik. Ikkje vist på kart – bør leggest inn på kartet som hensynssone C sosikode H570.

7	90360 Havsgård - Kolgrop	Manglar på kart, må leggest inn med sosikode H730
8	121402 Mjånes - Lausfunn/	Manglar på kart, må leggest inn med sosikode H730
9	123057 Kvålsvågen	Manglar på kart, ligg i omsynssone H530, lokaliteten må visast med sosikode H730, då den er automatisk freda
10	141023 Ulven	Manglar på plankart, lokaliteten ligg i område for akvakultur. Plankartet må visa denne med sosikode H730
11	201557 Drageidkanalen	Manglar på kart. Lokaliteten er definert i statleg plan kulturminne i vassdrag. Plankartet bør visast som H570

2) Fylkesrådmannen viser til at kommuneplanen skal vera eit godt og effektivt styringsreiskap for kommune og offentleg forvaltning. Fusa kommune må slik ta inn forslag til presiseringar i samband med område for bandlegging i føresegnene og føresegnene knytt til mellomalder kyrkjestadane.

- Omsynssone D – H730 er automatisk freda kulturminne og jf. kulturminnelova § 3 kan det ikkje utan at det er lovleg etter § 8 setta i gang tiltak som er egna til å skada, øydelegga, grava ut, flytta, endra, dekkja til, skjula eller på anna vis utilbørleg skjemma kulturminnet.
- Omsynssone C - H570 alle tiltak skal sendast til kulturminnevernet for vurdering og fråsegn.
- Kyrkjegardar frå mellomalderen er eit automatisk freda kulturminne. Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verka inn på dei automatisk freda kulturminna innanfor omsynssonen er ikkje tillate utan etter dispensasjon frå kulturminneloven. Unntak gjelder for bruk av eksisterende graver som har vært i kontinuerlig bruk i frå mellomalderen.
- Graver som ikkje er i bruk pr. i dag og gravsteder der det ikkje har vært gjort gravlegging etter 1945 skal ikkje takast i bruk igjen.
- Gravminne som er eldre enn 60 år skal ikkje flyttast eller fjernast utan at kulturminnemyndighetene er gitt anledning til å uttale seg.
- Eventuell søknad om løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne eller tiltak som kan ha innverknad på kulturminna skal sendast rette kulturminnemynde i god tid før arbeidet er planlagt sett i gang. Kostnader knytt til nødvendige arkeologisk undersøking skal dekkast av tiltakshavar jf. kulturminnelova § 10.

3) Hordaland fylkeskommune viser til at det ikkje gjort arkeologiske registreringar i samband med kommuneplanen sitt areal. Fylkeskonservatoren må ta atterhald om nye byggeområde i kommuneplanen sin arealdel inntil § 9 i kulturminnelova er oppfylt for det einkilde byggeareal, og tilhøvet til automatisk freda kulturminne er avklart

Vedlegg: Riksantikvaren si fråsegn...

Jostein